




Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Søndorp kyrkje

KYRKJEBLAD

for
NORD-FRON

Nr. 1 • MARS 2022 • Årgang 67



Foto: Linnea Bakken

“Gud!

*Det er krig i Europa. Ikke her hos oss, men i Ukraina
– et land som ikke er så langt unna.*

Du vil ikke at mennesker skader hverandre. Du vil ikke at barn skal være redde.

*Du vil at mennesker skal leve i fred med hverandre
og være gode mot hverandre. Dette over vi på hver dag: på skolen, i barnehagen,
når vi er med venner eller sammen med familien vår.*

Vær hos alle menneskene som nå er redde.

Pass på barna i Ukraina og de som er på flukt.

Vær også hos oss. Gi oss din fred.

Amen”

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Sekretær. Grete Bakken
Tlf 612 16 290

KONTORTIDER:
Kl 09.00-13.00
og elles etter avtale

SOKNEPREST:
Gunnbjørg Oladottir
Tlf. kontor 612 16 293

Vikarprest:
Terje Elvestad
Tlf. kontor 612 16 272
Mobil 45 61 17 72

Vikarprest:
Duh Tong
Tlf. kontor 612 16 294
Mobil 98 45 14 00t

DIAKON:
Per Øvvind Fredin
Tlf. 95 78 78 24

TRUSOPPLÆRAR:
Kathrine Ruset Sletten
Tlf. 95 08 67 08

KYRKJEMUSIKAR:
Iren Falkenhaug. Mobil 96 73 95 50

ORGANIST:
Bernt Fauske. Tlf. 406 03 269

SØDORP SOKN
Soknerådsleiar:
Kirsten Dina Leine. Tlf. 901 01 690
Kyrkjeterar:
Anders Stø. Tlf 909 60 650
Kyrkjeterar:
Frank Varpestuen/graver. Tlf 456 06 026
Kyrkjeterar Ivar Kvande
Tlf. 951 58 927

KVAM SOKN
Soknerådsleiar:
Egil Myhre
Tlf. 970 67 723
Kyrkjeterar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

KVIKNE SOKN
Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjeterar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

SKÅBU SOKN
Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjeterar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

FAMILIE-RÅDGJEVING
Familievernkontoret, Otta
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00


Grafisk produksjon:
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døypte



Døde



Vigde

KVAM:
Frida Moen
Signe Randen Ulberg

SØDORP:
Markus Kolseth Oppegaard
Synne Dahlen
Hans Sandbakken Johnsen

SKÅBU:
Karsten Bjørkheim-Borge

SØDORP:
Wenche Bøe og Håvar
Bjørkheim

SKÅBU:
Katrine Røise og
Tom Erik Kleiven

KVAM:
Paul Brendstuen
Inge Magnus Dalen

Ola Moen
Margit Holen
Karen Jørand Holten
Tor August Tangen
Kjell Brekke
Jakob Eide
Ellinor Johannessen
Karin Margrete Nyheim
Olga Næprud

SØDORP:
Jens Arne Milsteinhaugen
Brit Rydland
Anne-Marie Gulbrandsen
Thor Westgård (bisettelse)
Elna Haugrud (bisettelse)
Else Blekstad
Sverre Bårberget
Leif Helge Stenseng
Marit Mari Paulsrød Klypen (bisettelse)
Sjur Austrheim

KVIKNE:
Gudrun Silli
Tor Bjarne Tøftestuen

SKÅBU:
Reidun Olsen

vipps

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692
KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut i juni 2022.
Frist for stoff: 15. mai

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør for kyrkjebladet er Bjørn Kjellsson Sletten.
Redaksjonskomite: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Morten Sylte (Kvam) og Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768



Appell for Ukraina

Vi ser alle med forferdelse på det som nå utspiller seg i Ukraina. Russland har brutt folkeretten, og jeg støtter fordømmelsen som er gjort av myndighetene i Norge og fra våre allianser. Krigshandlingene må stoppe umiddelbart, og fredssforhandlinger må starte.

Jeg tenker mye på alle de som nå er redde, både barn og voksne. Vi hører historier om drap på sivile, falne soldater og bombing av landets byer og infrastruktur. Det er vondt å se bildene av fortvilte mennesker som flykter fra hjemmene sine.

Nå står vi sammen med kirker verden over. Vi ber for folket i Ukraina og for alle som er urolige og redde. Vi vil vise vår solidaritet i ord og handling og ber om at statslederne må finne fram til en rettferdig og fredelig løsning.

I Norge bor det folk både fra Ukraina og Russland. Alle som har familie i Ukraina er bekymret for sine nærmiljøer. Det er viktig at vi er oppmerksomme på hvor vanskelig dagene er for dem nå. Det er også viktig at vi har omtanke for våre russiske innbyggere. De har ikke skyld i hva styresmaktene i Russland gjør og må ikke utsettes for hets.


Ukrainas befolkning trenger humanitær bistand, og jeg er glad for at regjeringen setter av store midler til det formålet. Så vil jeg oppfordre alle oss som også ønsker å hjelpe til å gi støtte gjennom organisasjoner som Kirkens Nødhjelp, Redd Barna, Flyktninghjelsen og andre som gjør en uvurderlig innsats.

En halv million mennesker er nå på flukt og mange vil komme hit. Som kirke står vi klare til å ta imot de som har måttet reise fra hjemlandet og sine kjære. Vi vil ta dem imot med omtanke og omsorg.

Kirken formidler evangeliet, og evangeliet har et budskap om Jesus som verdens lys. Det lyset skinner i mørket, og mørket kan ikke slukke det!

Biskop i Hamar, Solveig Fiske

Hemmelege agentar i kyrkjetårnet



STØRST AV ALT

Alle foto:
Bjørn K. Sletten



Spennande å klatre opover til klokketårnet!



Greitt med lommelykt i det mørke tårnet!

Trusopplæring er kyrkja si satsing på barn og ungdom mellom 0-18 år. Arbeidet blir utført under fana «Størst av alt» som er Den Norske kyrkja sin trusopplæringsreform.

Ein del av opplegga kyrkja i Nord-Fron jobbar med er utforma av Den norske kyrkje og tilpassa av oss til lokale behov.

- Vi ønskjer gjennom tiltaka våre å trygge både barn og foreldre i kyrkjerommet og i møte med kvarandre og Gud. Vi ønskjer å bidra til den gode ramma Nord-Fron kommune utgjer for oppveksten til våre barn og unge. Vi ønskjer å vere inkluderande og tydelege i vårt arbeid med ungane og ungdommen, som er det største av alt!, seier trusopplærar Kathrine Ruset Sletten.

Laurdag 19. februar var i alt 35 3. klassingar samla i Kvam kyrkje for å vere Tårnagentar.

- Dette var ny deltakarrekord, og ungane fylte kyrkjerommet med liv, latter og song. Dei leitte etter kyrkjeskattane som hadde forsvunne, og fann mange flaggermus som hadde gøynt seg både her og der, frå kjellar til tårn! fortel kyrkjelydspedagogen.

Det var nok spesielt spanande å utforske tårnet der dei store kyrkjemerkene heng.

- Ungane bidrog til at kyrkjeskattane kom til rette att,



Det var ny deltakarrekord på årets Tårnagent-samling. I alt 35 3. klassingar var samla i Kvam kyrkje for å vere Tårnagentar.


og da gjorde dei seg verkeleg fortent til pizza og Tårnagentkake, seier Sletten.

Samlinga vart avslutta med ei stutt gudsteneste der alle foreldra var spesielt invitert.

- Under gudstenesta prata vi litt om kva Tårnagentane hadde gjort denne ettermiddagen, og dei fekk utdelt kvar si bok, «Skatten i Liljedal», som handlar om tre ungar som også leiter etter ein skatt. Til slutt stilte ungane seg opp som eit flott kor og song Tårnagentsangen. Det vart ei fin avslutning på ein livat og artig Tårnagentsamling! avsluttar Sletten.



Tårnagentane fann mange flaggermus som hadde gøynt seg både her og der, frå kjellar til tårn.



Belønninga for å klatre til topps, er flott utsikt over kvamsbygda.

Sosiale samlingar og song

Kyrkjelydspedagogen fortel at dei har komme godt i gang med trusopplæringstilboda våre etter jul. Laurdagsklubben har hatt to samlingar, med ein fin gjeng som deltararar.

- Spesielt gledeleg var det å få eit nytt medlem nå etter jul! Vi tek gjerne imot fleire ungar frå 4 til 12 år, seier Kathrine Ruset Sletten.

Barnekoret Jubel er i full gang att, og vi har fire sangglade jenter i koret.

- Vi har planlagt å delta på nokre familiegudstester i løpet av våren, og skal ha ein eigen konsert før sommaren.

Supertorsdag er eit tilbod til heile familien, der det blir servert middag på Kyrkjestugu på Vinstra. Det er alltid litt song og høgtlesing for ungane i løpet av ettermiddagen. Tilboden er godt besøkt, og kyrkja ønskjer fleire hjerteleg velkommen til å delta.

- I løpet av mars startar vi opp att med Babysong. Vi gler oss til å møte både babyar og foreldre til trivelege treff på Kyrkjestugu, avsluttar Ruset Sletten.

Følg med på heimesida og Facebook-sida til kyrkja i Nord-Fron, der blir det fortlopande lagt ut informasjon om det som skjer i kyrkja i Nord-Fron.



Triveleg på laurdagsklubb - her ljostenning i adventstida.
Foto: Bjørn K. Sletten

Rom for alles ukrenkelege menneskeverd

Kyrkjas tidlegare uttalar og holdningar har påført homofile og lesbiske skade og smerte. Dette erkjenner biskopane i Den norske kyrkja i ei ny uttale.

– Vi erkjenner at kyrkja har påført homofile og lesbiske stor skade og smerte. Dette er ei erkjennung alle biskopane i Den norske kyrkja står samla om. Det er viktig for meg og for biskopane å understreke alle sitt menneskeverd uavhengig av seksuell identitet, seier preses Olav Fykse Tveit.

Han er den leiande biskopen i Den norske kyrkja.

I år er det femti år sidan Norge oppheva forbodet mot sex mellom menn.

– Aksept og likeverd for homofile har hatt framgang dei siste tiåra. Sidan 2017 er alle par velkomne til å gifte seg i kyrkja. Eg meiner det er ei stor og positiv endring. Kyrkja skal ha rom for alle si ukrenkelege menneskeverd og kjærleik, seier Fykse Tveit.



Preses i Den norske kyrkja. Foto: kirken.no

Kirken har påført homofile og lesbiske stor skade og smerte ***Uttalelse i forbindelse med 50 års-markeringen for opphevelse av straffelovens § 213.***

Vi som nå er biskoper i Den norske kirke erkjenner at Bispekontoret oppførte holdninger til og omtale av homofili og homofile opp gjennom årene har påført mange mennesker stor skade og smerte. Det er i år 50 år siden straffelovens § 213, som blant annet kriminaliserte sex mellom menn, ble opphevet. Ved denne anledningen ønsker vi å uttrykke vår anerkjennelse og glede over at kirken har

mange homofile og lesbiske medlemmer og ansatte, og bekrefte deres bidrag til fellesskapet. Vi står sammen med hele kirkens lederskap i det målrettede arbeidet for likeverd, inkludering og mangfold.

Da § 213 ble foreslått opphevet i 1954, var Bispekontoret blant de samfunnsaktører som protesterte høylytt. Bispekontoret argumenterte for at fortsatt kriminalisering

var nødvendig. Regjeringens forslag om å oppheve § 213 ble nedstemt i Stortinget i 1954.

Da paragrafen ble avskaffet 21. april 1972, protesterte ikke biskopene. Bisperådet oppnevnte et utvalg for å utreda Den norske kirkes holdning til homofili. I 1977 leverte utvalget sin rapport. Der ble det tatt et oppgjør med hvordan kirken tidligere hadde møtt homofile: «Det er som skyldner kirken møter de homofile.» Utvalget argumenterte for at «Kirken bør revidere sin tradisjonelle holdning til homofili.»

Bisperådet i 1977 erkjente at «Kirkens holdning har til tider vært preget av fordømmelse både av den homofile drift og den homofile person». Samtidig understreket biskopene: «Det må med styrke slås fast at den homofile har samme menneskeverd som ethvert annet menneske. Den som tenker og mener noe annet, ennsi behandler den homofile som mindreverdig, krenker et menneskeverd gitt av Gud.» På tross av dette vedtaket vedvarte kirkens diskriminering av homofile.

Bisperådets uttalelse i 1995 understreket homofiles menneskeverd, men konkluderte likevel i tråd med vedtaket fra 1977 med at «det ikke er noe i Bibelen som gir grunnlag for en positiv anerkjennelse av homofile forhold på linje med ekteskapet mellom mann og kvinne.»

Dette vedtaket førte til at homofile og lesbiske fortsatt opplevde at kirken fordømte både deres liv og kjærlighet. For homofile og lesbiske i kirken var det en stor belastning at deres liv ble redusert til en «teologisk sak».

Et samlet bisperåd vil på nytt bekrefte alles menneskeverd, uavhengig av seksuell identitet. Vi erkjenner at kirken i liten grad har tatt inn over seg homofiles livssituasjon. Kirken har heller ikke klart å gi troverdig uttrykk for anerkjennelse av alle menneskeverd og kjærlighet.

I dag er alle som lever i likekjønnede forhold velkomne til å gifte seg i Den norske kirke. Kirkemøtet vedtok i 2016 å åpne for to syn på likekjønnet ekteskap. Bisperådet vil understreke at alle par har mulighet til å gifte seg i den kirken de måtte ønske.

De siste 50 årene har aksept og likeverd for homofile vokst fram som en ny erkjennelse i det norske samfunnet og Den norske kirke. Det er en stor og positiv endring. Situasjonen er langt mer dramatisk i en rekke andre land. I mange land er likekjønnet kjærlighet fremdeles kriminel. Mennesker forfølges eller dreper bare fordi de elsker en av samme kjønn. Det er helt uakseptabelt. Som biskoper vil vi bruke de muligheter vi har til å påpeke det uhørte i dette og bidra til å redde menneskers liv.

Bisperådet i Den norske kirke, 18. feb. 2022

Olav Fykse Tveit – preses

Solveig Fiske - Hamar biskop

Ingeborg Midttømme - Møre biskop

Halvor Nordhaug – Bjørgvin biskop

Stein Reinertsen – Agder biskop

Olav Øygard – Nord-Hålogaland biskop

Ann-Helen Fjeldstad Jusnes – Sør-Hålogaland biskop

Herborg Finnset – Nidaros biskop

Kari Veiteberg – Oslo biskop

Anne Lise Ådnøy – Stavanger biskop

Jan Otto Myrseth – Tunsberg biskop

Kari Mangrud Alvsvåg – fungerende Borg biskop

Uttala vart først omtala av og trykt i Aftenposten 21.02.22.



Alle er utrulege er bodskapen i dette LEGO-settet. Foto: LEGO.

Topptur med Jesus

**På Kristi forklarelsesdag, søndag 20. februar var ein liten gjeng frå kyrkjelyden samla på Kongslakammen for gudsteneste ved gapahuken i flott vintersol.
Terje Elvestad heldt preike ved bålet, og vi gjengir den her:**



På Kristi forklarelsesdag, søndag 20. februar var ein liten gjeng frå kyrkjelyden samla på Kongslakammen for gudsteneste ved gapahuken i flott vintersol.

Søndagen i dag har et rart navn: Jesu forklarelsesdag. Og det er en underlig dag i kirkeåret. Det er fort å tro at Jesu forklarelsesdag er den dagen vi skal prøve å forklare hvem Jesus er. Men Jesu forklarelsesdag er noe helt annet. Jesu forklaring har med det å gjøre at det kommer lys over Jesus slik at vi får se han tydeligere. Og dette himmelske lyset kan vi også i dag møte på forskjellige måter i våre forskjellige liv.

Vi kan prøve å se for oss den gangen Jesus gikk til fjells sammen med Peter, Jakob og Johannes. På fjelltoppen opplevde turfølget lyset rundt Jesus, glimt av de gamle profetene og stemmen fra himmelen: «*Dette er min Sønn, den elskede. Hør ham!*» Da fikk turkameratene en sterk opplevelse av hvem Jesus egentlig er. Han er ett med Gud. Dette var slik en fantastisk opplevelse at de ønsket det skulle være for evig.

Av og til kan også vi komme i situasjoner der vi tenker: Dette er fint. Dette er godt. Dette er riktig. Her må Gud være nær.

Jesu forklaring – det er noe som ikke kan forklares. Men noe som kristne kan oppleve og bli prega av den dag i dag. Ifølge Paulus' andre brev til korinterne skal vi ved Herrens Ånd se Herrens herlighet som i et speil, og så bli forvandlet til det samme bildet. Det er også noe som ikke kan forklares, men må oppleves.

Står vi på en fjelltopp ser vi både vidt og langt utover Guds skaperverk. Guds skaperverk er kolossalt, og vi er ganske små. Langt ned er det også. Vi blir begeistra og vettskremte i samme stund.

Det samme skjedde med de tre disiplene som var med Jesus på topptur. De ble både vettskremt og begeistret på samme tid. Men her var det Jesus som ga dem denne opplevelsen. De fikk et møte med Gud som var i over-



Terje Elvestad heldt preike ved bålet. Alle foto: Linnea Bakken.

kant voldsomt for dem. De fikk se Herligheten. De fikk oppleve en forklarelse uten forklaring! Derfor sier jeg i dag: La Jesus som er verdens lys få skinne blant oss alle. La Jesus som er verdens lys få plass i oss alle. La Jesus som er verdens lys få virke i oss alle.

La oss be:

Herlighetens Gud, vi takker deg for at du åpenbarte deg en gang i historien for dine disipler. Etter din oppstandelse har også vi fått del i din Herlighet. Ditt lys strålte over disiplene på fjellet i Galilea. I dag stråler Lyset over oss ved ditt ord. La din Herlighet få stråle over alle som i dag lever i mørke slik at de ved ditt lys kan få del i håpet. Det ber vi deg om vår Gud og Far. Åre vere Faderen og Sonnen og Den hellige Ånd som var og er og blir én sann Gud fra evighet og til evighet.

STATISTIKK FOR NORD-FRON PRESTEGJELD 2021

(2020 i kursiv)

Sak / Sokn >	SØDORP		KVAM		KVIKNE		SKÅBU	
	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020
Medlemmar *	3114	3161	1142	1144	224	240	265	273
Innmeldte	1	0	0	2	0	0	0	0
Utmeldte	10	0	2	5	1	0	0	0
Kyrkjeloge handlingar:								
Dåp i soknet	17	19	13	13	0	4	4	1
Derav busett i sokn	11	14	8	8	0	0	2	1
Konfirmantar	31	35	13	16	0	3	2	1
Vigslar	2	1	1	0	0	0	3	1
Forbøn borgarleg vigsel	0	0	0	0	0	0	0	0
Gravferder	55¤	31	20	17	14	5	6	3
Gudstenester:								
Gudstenester sön-/ helgedagar	36	30	20	20	13	12	14	12
Deltakarar	1255	886	765	787	236	256	357	283
Gudstenester u- sön-/ helgedagar	16	7	5	5	1	2	2	1
Deltakarar	802	482	450	277	12	86	67	25
SUM - Totalt tal gudstenester	52	37	25	25	14	14	16	13
SUM - Deltakarar	2057	1368	1215	1064	248	342	424	308
Gudst. m/ nattverd	20	15	11	15	12	8	8	7
Deltakarar	247	161	96	153	50	86	53	72
Gudst.m/ skriftemål	0	0	0	0	0	0	0	0
Deltakarar	0	0	0	0	0	0	0	0
Familiegudstenester (Utanom julaftan)	5	5	6	5	5	7	5	2
	6	2	5	3	4	5	4	1
Deltakarar	278	62	390	146	49	113	137	27
Gudst. for ungdom	5	1	3	4	0	0	1	1
Deltakarar	243	46	53	92	0	0	22	5
Gudst.barnehagar**	5	5	1	1	0	0	1	1
No julevandringar	5	0	1	1	0	0	1	1
Deltakarar	90	0	25	15	0	0	20	9
Gudst. skular	0	0	0	0	0	0	1	0
Deltakarar	0	0	0	0	0	0	?	0
Julaftans-gudst	3	0	1	0	0	0	1	0
Deltakarar	120	0	23	0	0	0	46	0
Gudstenester i påska	2	0	0	0	0	0	0	0
Deltakarar	22	0	0	0	0	0	0	0
Allehelgensgudst	1	1	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	78	46	80	45	40	16	24	10
Økumeniske gudst.	0	1	0	0	0	0	0	0
Deltakarar	0	36	0	0	0	0	0	0
Konsert i kyrkja	0	0	0	1	0	0	1	0
Deltakarar	0	0	0	314	0	0	35	0
Økonomi/ kollektar/ innsamlingar:								
Ofringar totalt	21161	12276	9613	8984	5496	4335	8990	6166
Ofringar eige sokn	4334	4009	4984	4630	2886	3495	7877	1200
Innsamla midlar	0	0	0	0	0	0	0	0

- ¤ Gravferder: Grunna nedstenging i Kvikne, er gravferdene haldne i Sødorp kyrkje (14) Står òg i kolonne for Kvikne.
- * Medlemmer: Tal frå kyrkja sitt medlemsregister – for sentralkyrkjeloge registeret. Det har vore ein grundig gjennomgang av medlemslistene. (Medlemmar og tilhøyrande – frå 2020 er «tilhøyrande» borte frå registeret)
- ** Barnehagegudstenester er gjort om til julevandringar – og er ikkje lenger med i tala for oppmøte på gudstenester (Frå 2019)
- *** Tala i denne statistikken er «katastrofale» om ein ser tala utan å omsyn til ale avlysingar som haar våre i Koronaåret 2020. Men har ein Koronaåret og konsekvensane av dette i minnet, er tala som forventa: Døypte, konfirmantar og gravferder som tidlegare år. Færre vigslar og mykje færre gudstenester, konsertar, arrangement, på grunn av nedstenging i samfunnet. Nattverdal er lågare, grunna at vi måtte slutte med nattverd på grunn av smittefare. Økonomi mykje svakare; skuldast at alle ofringar no med Vipps (ikkje alle brukar det) og bortfall av mange gode offerdagar (konfirmantjubileer, julaftan etc).

Jens Petter Ous 27.januar 2021

Konfirmantar i Nord-Fron våren 2022

SKÅBU KYRKJE,

SØNDAG 5. JUNI KL. 11.00

Julia Charlotte Blekastad-Haugrud
Sindre Kristian Brenden
Inigo Gonzalez Lima
Mathias Sletten

KVIKNE KYRKJE,

LAURDAG 28. MAI KL. 11.00

Marie Wistad Mathisen
Vilde Myromslien
Amund Sylte

KVAM KYRKJE,

LAURDAG 14. MAI KL. 11.00

Syver Hølmen Arnstsen
Hanne Bentdal-Nordlien
Tuva Hanslien
Johanne Klomstad
Åshild Krok
Ragnhild Ruststuen
Nina Sofie Blekastad Saglien
Oskar Kolloen Thorkildsen
Mathias Øyen-Stenseng

SØDORP KYRKJE,

LAURDAG 7. MAI KL. 10.00

Liam Alexander Skurengslien Kjosmoen
Magnus Lillebråten
Lilja Brubak Nedrebø
Magnus Ringlund
Anna Rognli
Mari Stenberg Sandvold
Astrid Sjåstad
Simen Moen Sletten
Line Slettmoen
Anne Stigen
Even Tarud
Rikke Anemone Tokvam
Syver Tokvam

SØDORP KYRKJE,

LAURDAG 7. MAI KL. 12.00

Helmer Aspeslåen
Tor Kristian Bakken
Mia Haugen Bergheim
Maria Bjørke
Sara Skogstad Brandvold
Noah Bratlien
Simen Nyhus Brede
Saga Ringen Dalseghagen
Sofie Nygård Fagervold
Ole Kristian Gunnarstuen
Selma Haanshus
Trym Harildstad


SØDORP KYRKJE,

SØNDAG 8. MAI KL. 11.00

Daniel Grande Haugen-Ottesen
Maria Bratlien Uleklev



Opplev livet som konfiant på TikTok #konfiantene



For å gi deg eit innblikk i kva kyrkjeleg konfianttid går ut på, deler konfiantane i år frå livet som konfiant på TikTok **#konfiantene**.

Der legg dei ut filmar av alt dei gjer på i konfirmasjonstida, slik som å vere med på samlingar og aktivitetar, og svarar på spørsmål i kommentarfelta.

Søk opp #konfiantene på TikTok, og opplev korleis det er å vere ein del av fellesskapet som konfiant i kyrkja.



DEN NORSKE KYRKJA

Korleis kjenne att disiplane og evangelistane i kyrkjekunsten?

Av Nora Stormyrbakken

Som religionslærar på Vinstra i fleire tiår, var det viktig for meg gjera elevane i stand til å forstå meir av kunsten i ulike religionar, ikkje minst kyrkjekunsten, som fleirtalet av elevane i viktige familiesamanhangar har kvilt augo på. Dei unge tykte «kurset» var artig. Nå går vi på «skattejakt» i alle kyrkjene vi kjem inn i, sa dei. Når eg har synt oversikta under til vaksne, har også dei sagt at den var nyttig. Kanskje somme av kyrkjebladets leesarar også tykkjer det?

Eg er ikkje teolog, og kjeldene mine er ymse. Somme er usikre, som tradisjonar og legender (= historier om heilage personar). Så det går sikkert an å finne feil her, på årstal t.d. Men som enkel vegvisar duger den. Illustrasjone er henta frå google images.

Disippel/læresvein/ apostel. Det er nyansar, men det går greitt å bruke orda om kvarandre, synest eg. Dei er nemningar for dei 12 viktigaste personane som følgde Jesus da han gjekk omkring og forkynnte i Galilea og Judea. Kor mange kan du namnet på?


Alle disiplane, med unnatak av Johannes, leid martyrdøden (= å bli drepen p.g.a. trua si).

Evangelistar er dei som skrev ned historia om Jesus. 4 av dei er med i Det nye testamentet. Dei er Matteus, Markus, Lukas og Johannes.

Da kristendomen kom til Europa var det eit fåtal som kunne lesa og skrive. Derfor er kyrkjene fulle av skulpturar, bilde og relief som pedagogisk hjelpemiddel. Somme bildeseriar, t.d. av episodar i Jesu liv, er reine teikneseriar! Alle apostlar og evangelistar har faste attributt (= noko dei held eller har attmed seg). Dermed visste folk kven dei ulike personane var, sjølv om det ikkje stod namn på dei. Ofte er tinget den reiskapen dei vart drepne med. Når du har vorte merksam på dette, kan du gå på leiting i alle kyrkjer! Attributta er dei same i Skåbu, Vågå, Krakow og Paris!

Disiplane drog ut i verda for å forkynne, og vart drepne på foskjellige stader. Ulike kjelder fortel korleis dei vart avretta.

Dette forklarer dei ulike attributta til disiplane:



1. (SIMON) PETER

Leiaren blant dei tolv. Korsfesta opp-ned i Roma år 64 el. 67. Attributt: Opp-ned kors. Ofte også nøkkel/nøklar (nøklane til himmelriket). Rekna som den fyrste biskop. Grav: Peterskyrkja i Roma.



3. FILIP

Korsfesta i Tyrkia år 81, på same type kors som Jesus (latinsk kors).




2. MATTEUS

Drepen med øks i Etiopia. Har ofte bok også (evangeliebok). Han er den einaste av disiplane som også var evangelist.



4. (JUDAS) TADDEUS



Slått i hjel med klubbe eller kule i Persia år 71.



5. ANDREAS
Korsfesta på eit X-kors
i Hellas ca. år 60.
Skottlands skytshelgen.



6. JAKOB DEN ELDRE
Drepen med sverd i Jerusalem år 44. Spanias skytshelgen. Gravlagt i Santiago de Compostella (Santiago = «Sankt Jakob»). Attributt: pilegrimshatt og stav og/ eller kamskjell. Skjellet viser til eit under han gjorde, da han fekk liv att i ein drukna mann som var heilt dekt av kamskjell. Skytshelgen for pilegrimar.



8. BARTOLOMEUS
Han fekk «persisk dødsstraff»: Flådd levande og halshogd. Står ofte med ein liten flåkniv; eller han held sitt eige skinn!



9. SIMON (SELOTEN)
Saga i to i Persia år 71.
Attributt: Stor, grovtinna sag.



10. THOMAS (TVILAREN)
Drepen med lanse i India år 72. Evangelia fortel at han tvilte på at Jesus hadde stått opp etter døden. Derfor blir han gjerne framstilt med tvilande mine. Skytshelgen for arkitektar og byggmeistrar: ofte med vinkelhake.



11. JUDAS (ISKARIOT)
Svikaren. Han som mot pengar fortalte dei romerske soldatane kvar dei kunne finne Jesus. To ulike historier i Det nye testamentet om kva som skjedde med han: Matt.27, 1-8 fortel at han angra og hengde seg. I Apostelgjerningane 1,18 står det at han datt framover og magen sprakk! På nattverdbilde har han enten ein pengepose eller veltar eit saltkar. Salt var verdifullt, og å såle salt, betydde ulykke. Når dei 12 disiplane blir framstilt saman, er han ikkje med (anna enn på nattverdframstillingar), sidan han «diskvalifiserte» seg. Istaden har misjonæren Paulus glidd inn på hans plass, så det vart 12! «Dusinet fullt», seier vi framleis...

12. JOHANNES

Den einaste som døydde naturlig. Var ung. Som regel kun han som er utan skjegg. Har ofte nattverdbeger i hånda. Nokre gonger ei evangeliebok, for etter tradisjonen var disippelen Johannes og evangelisten Johannes den same. Det stemmer neppe. Har feminine trekk. Sit tett inntil Jesus på nattverdbilde. Dette er bakgrunnen for spekulasjonane om at det eigentleg er Maria Magdalena som sit der (jmf. Dan Brown: Da Vinci-koden)



Dette er kjenneteikna til evangelistane:

MATTEUS: MENNESKE - MARKUS: LØVE LUKAS: OKSE/TYR - JOHANNES: ØRN

Eg kjem gjerne attende til desse seinare. Heilt stutt kan attributta (som ofte er utstyrt med venger) forklara slik: Av alle vesen sette Gud mennesket på toppen. Av ville dyr er løva majesteten. Av tamme dyr er øksen den sterkeste. I lufta er ørn kongen.

LITT MEIR OM PETER OG PAULUS:

Paulus, som vart så viktig i kyrkja, var ikkje disippel. Tvert om forfølgde han tilhengjarane av Jesu lære. Men han vart omvendt i Damaskus da han var på veg for å arrestere kristne, og etter det vart han den ivrigaste misjonæren av alle. Han og disippelen Peter er dei to første, store misjonærane i kristendomen, og fleire kyrkjer er oppkalla etter båe («Peter and Paul»-katedralar, t.d. i Krakow). Han har, som nemnt over, teke over plassen til Judas i disippelrekka. Sjølv om det faktisk vart halde val og utnemnt ein annan erstattar: Matthias. Det kan du lesa om i Apostelgjerningane 1, 23-26.

Tre Prøysen-historier

Av Kjartan Ruset

**Kjartan Ruset deler her to kjende og ei ukjend historie frå Alf Prøysens liv
- eksklusivt for kyrkjebladet sine lesarar.**

Ein av Alf Prøysens venner var legen og sjelesørgjaren Einar Lundby. Dei var sambygdingar i Ringsaker. Lundby hadde legepraksis der frå 1925. Dei to hadde eit nært og fortruleg vennskap gjennom mange år. I 1973 møtte eg Einar Lundby som prestestudent. Kullet mitt hadde ei samling på Gulsrud Leirstad ved Tyrifjorden, og dit kom Einar Lundby for å dele med oss av sine åndelege erfaringar. Han var gjennom mange tiår ein kjend og skatta forkynnar og sjelesørgjar. I nemnde samling fortalte han og om vennskapet med Alf Prøysen, og delte tre historier med humoristisk poeng, som også sa mykje om Prøysens åndelege innstilling. To av desse historiene har Ove Røsbak med i sin Prøysen-biografi, men den tredje kjem her eksklusivt til Kyrkjebladets lesarar. Eg veit ikkje om den er skriven ned andre stader. For nokre år sidan hadde eg gleda av å fortelje den historia i kjøkkenet i Prøysenstu. Det var der det skjedde, ein gong på 1920-talet. Men først dei to meir kjende historiene.

Så knoka kvitner


Telefonen ringde i doktorgarden i Brumunddal, og ein litt oppskaka Alf Prøysen melde doktor Lundby at veslejenta Elin var sjuk med høg feber. «Du lyt kåmmå med ein gong!», sa den fortvila småbarnsfaren. «Ja, je skal kåmmå», svara Lundby, han hadde dialekta han og. «Og så lyt du be for 'al!', kom det innstendig frå Alf. Det var kjent at denne legen også ba til Gud for pasientane sine. «Ja, je skal det, men du kan jo be sjøl, Alf!», sa legen. «Je ber da så knoka kvitner!» brast det utav innringaren. – Den siste replikken har Røsbak litt annleis, og litt tammare. Eg satsar på at den versjonen eg hørde av Lundby sjølv er den rette.

På visefestival

Så var Alf Prøysen på visefestival i Sverige. Det var enklare forhold den gongen, ikkje flotte hotell og luksus slik som no, og Prøysen delte eit enkelt rom med ein svensk trubadur. På nattbordet ved senga si la Prøysen opp Bibelen, som han alltid hadde med på reiser. «Läser du verkligen den boken där!» kommenterte den svenska bohemien. "Ja, det gör je da!" svara Alf, han visste ikkje meir å seie. Pause. «Jaha - det gör jag också!» måtte svensken innrømme.

I feberørska

Den siste historia er noko meir «inside» og litt avansert, i grunnen. Alf skulegut vart sjuk og måtte halde seg heime. Han låg i sengebenken bak pipa på kjøkkenet i



Det er mykje som tyder på at Alf Prøysen bar i seg trua på Guds frelsande nåde, skriv Kjartan Ruset. Foto: Scanpix

Prøysenstu med feber, medan mor Julie stulla med sitt. Ein føremiddag banka det på døra, det var ein omreisande predikant som lurte på om han kunne få kome inn og lese eit Gudsord. Det fekk han. Julie var ei gudfryktig kvinne, med respekt for gudsordet. Mannen heldt sin andakt og song til eige gitar-akkompagnement. Fornøgd takka han for seg, lyste Guds velsigning over heimen, og strauk på dør. Ein dag eller to seinare var Alf frisk att. Under predikant-besøket hadde han lege i sin febersøvn i sengebrisken. No lurte han på kva for ein mann mora hadde hatt besøk av den dagen, han hadde altså fått det med seg. Ja, ikkje berre det. Han lurte på kven han var, «denna mannen som stod på ein stol og song!» «Nei, han stod då itte på no'n stol!» svara mor, det var då berre ho som var forsamlinga. Jau, guten heldt på sitt: han stod på ein stol! Mor var like viss i si sak – men så kom ho på songen som mannen hadde sunge, den gamle lesarsongen «Rundt omkring Jerusalem/ er det høye berge,/ rundt omkring sitt folk på jord / Herren står som verge». Og så kom omkvædet, som lydde etter kvart vers der i Prøysen-stua: «Frykt dog ei, STOL på meg/ jeg skal deg bevare!» Hørsel-sinntrykket hadde i feberørska blitt til eit synsinntrykk for gutens indre øyra! Han såg beint fram at songaren stod på ein stol.

Alf Prøysens påske-dikt

«Julekvelds-visa» av Alf Prøysen har vorte ein av våre kjæraste julesongar. I enkelt, folkeleg språk fortel Prøisen jule-evangeliet, med ein djup underliggende teologi. Mindre kjent er det at Prøysen også skreiv det vi kan kalle eit påske-dikt. Faktisk var det den aller fyrste teksten Prøysen fekk på trykk. I bloggen «enstad media» fortel forfattaren Nils Petter Enstad om dette diktet. (Enstad er og forfattaren av boka: «I milla seg og himlen. En vandring i Alf Prøysens religiøse landskap» (Hovde Forlag, 2010)).

Det var vennen Knut Fjæstad som fekk Prøysen til å sende diktet til bladet «Kooperatøren» i september 1938. Diktet var skrive seks år tidlegare, saman med nokre andre dikt, og sendt til eit vekeblad, som ikkje tok det inn. No lukkast det betre. «Kooperatøren» tok inn diktet saman med ei novelle. Enstad skriv: «*For Alf Prøysen ble bladet en åpning til det som skulle bli hans livsoppgave: Diktningen. I det nevnte september-nummeret sto nemlig den første av to tekster som redaktør Randolph Arnesen ikke bare hadde antatt, men betalt for, og som var signert den unge fjøsrøkteren fra Ringsaker*».

Det er lett å sjå at diktet er ikkje typisk Prøysen. Fyrst når han skriv på dialekt, kjem diktaren til sin fulle rett. Enstad skriv at Prøysen seinare uttala at diktet var «noe sentimental rør fra ende til annen», sjølv om han og var stolt over å ha fått det på trykk. Prøysen var stundom blyg for ting

han hadde skrive. T.d. kunne han seie om romanen «Trost i taklampa» at den var «noe tull han bare hadde smørt sammen». Det interessante ved diktet, seier Enstad, er den kristne påverknad som diktet tydeleg er merkt av: «Alf Prøysens bestemor, Matja, var en from, kristen kvinne som hadde en enkel gudstro som hun levde ut i hverdagen. Det er ikke uten grunn at flere av de sterke kvinnedikkelsene i Prøysens forfatterskap heter nettopp Matja, med Jordmor-Matja i Julekveldsvisa som den mest kjente. Når dikteren i det tredje verset gir uttrykk for et ønske om at blomsten skal lære ham «... å minnes et kors og en blødende/skikkelse opphengt til frelse for meg», leses dette av mange som et uttrykk om denne påvirkingen fra bestemoren. Det er også den klarest og tydeligste kristne referansen i hele Alf Prøysens forfatterskap.

Det er mykje som tyder på at Alf Prøysen bar i seg trua på Guds frelsande nåde. Formuleringa «Du ska få ein dag i mårrå» ser mange som eit uttrykk for nettopp det, at Gud tilgjev og gjev oss ein ny start. Og når det i siste verset av Julekveldsvisa heiter om stjerna at «såmmå å som hender er stjerna like stor», kan det lesast som eit uttrykk for Guds grenselause og vilkårlause nåde. I alle høve er det klårt at «stjerna» er metafor for noko større, noko som går utover det det jordiske og timelege.

Røde geranier


Av Alf Prøysen

*Røde geranier, varme og brennende
skapt i en vårdag på regnbuens bro---
og som et luende bud kom de sendende,
stenket i solglød og badet i blod.*

*Røde geranier, blyge som ternene,
hviskende sveinen sitt myke «farvel».
Ømme som morsfavnen, kjærlig og vernende
vuggende barnet den seneste kveld.*

*Røde geranier! Gi meg din glødende
livsgnist på ungdommens rastløse vei.
Lær meg å minnes et kors og en blødende
skikkelse opphengt til frelse for meg.*

*Barnslig jeg folder de barkede hender,
synes med ett hele verden er min.
Røde geranier, varme og brennende,
blomstrar og blør bak den hvite gardin.*



SpareBank
GUDBRANDSDAL 
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no

Vinstra;libris

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-

Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen 

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

 **Dale-Gudbrands**
Trykkeri a.s.
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

CIRCLE K

Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

 **TOYOTA**

 **DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

 **Hageland**
Bjørke

Tlf 915 750 74
Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger.

 **Bakken**
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27



SENTRUMS
HJØRNET

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

 **JOBE**
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.

Raskt tilbake.

Mobil: 412 56 304

Epost: post@jobegravsteinservice.no

BE Sanden Bygg A

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar



Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com

Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

REMA
1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

CIRCLE K

Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI **mini pris**

KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

Fron Gravstellservice AS

v/ Beathe Malerbakken. Mobil: 992 72 372. E-post: b.malerbakken@gmail.com

Vi tek oss av stell av graver med planting vår, sommar og haust samt vatning. Vi kan også ordne med pynting til påske og jul.



Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På-hytta

61 29 55 86 - 975 62 208

2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen

**coop
marked**

SKÅBU REGNSKAP AS
post@skaburegnskap.no
Tlf.: 413 83 898

M MEDLEM
REGNSKAP
NORGE



Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleengen, 99 58 29 43
Nina S. Veikleengen, 94 83 25 40
Døgnvakt!

STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive "Kyrkjebladet for Nord-Fron".

Kontingenget er no kr. 150,- for 5 nummer (fyldig dobbelnummer til jul).

Betales inn til kontonr.

2095 49 59768

Vi har to inntektskjelder:

- Den friviljuge kontingenget • Støtte-annonserne (Service-sida)

Ekstra gåver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389

Takk for di støtte!
Helsing redaksjonen

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.

Strategi for Den norske kyrkja for 2022–2029	Kyrkja opnar rom for tru	Kyrkja er der livet vert levd	Kyrkja er meir for fleire
 Kyrkja for den enkelte	Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	Gjev tilhørsle og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt
 Kyrkja i samfunnet	Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	Motverkar utanforsk og utforskar nye måtar å vere kyrkje på
 Kyrkja som organisasjon	Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kirkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	Skapar ein mangfoldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena



DEN NORSKE KYRKJA

Gudstenester i Nord-Fron 2022

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
1.s.i fastetida 6.mars Matt 26,36-45	17.00 Kyrkja Eftasmesse Nattverd Gunnbjørg Oladottir			11.00 Nattverd Høgmesse. Gunnbjørg Oladottir
2.s.i fastetida 13.mars Luk 13,22-30		17.00 Familiegudsteneste 6-års boka Terje Elvestad	11.00 Familiegudsteneste 6-års bok Terje Elvestad	
3.s.i fastetida 20.mars Luk 22,28-34	11.00 Kapellet Familiegudsteneste 6-års boka Terje Elvestad			
Maria bodskapsdag 27.mars Luk 1,39-45		Kl.11 Høgmesse Nattverd. Gunnbjørg Oladottir		11.00. Familie- gudsteneste. 6-års bok. Terje Elvestad
4.s.i fastetida 3.april Joh 6,24-36	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd Konf. innskriving Terje Elvestad			
Palmesøndag 10.april Joh 12,1-13			11.00 Høgmesse Nattverd Gunnbjørg Oladottir	19.00 Kveldsmesse Nattverd Gunnbjørg Oladottir
Skjærstorsdag 14.april Joh 13,1-17	18.00 Kyrkja Nattverdgudsteneste Terje Elvestad	20.00 Nattverdgudsteneste Terje Elvestad		
Langfredag 15.april Joh 18,1-19,42	11.00 Kapellet Langfredagsmesse Gunnbjørg Oladottir			19.00 Langfredagsm Gunnbjørg Oladottir 21.00 Sikkilsdalen Terje Elvestad
Påskenatt 16.april Mark 16,1-8		23.00 Påskenatts-messe. Nattverd. Gunnbjørg Oladottir		
Påskedag 17.april Joh 20,1-10	11.00 Kyrkja Høgtids-messe. Nattverd Terje Elvestad		11.00 Høgtidsmesse Nattverd Konf.innskr Gunnbjørg Oladottir	18.00Høgtidsmesse Nattverd Konf.innskr Gunnbjørg Oladottir
2.påskedag 18.april Joh 20,11-18	11.30 Sundheim Høgtidsmesse Terje Elvestad			
2.s.i påsketida 24.april Joh 20,24-31		11.00 Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad		
Arb.i.solidaritetsdag 1.mai Matt 20,25-28	19.00 Kyrkja Samtalegudsteneste m/konf Nattverd Terje Elvestad	11.00 Solidaritets-messe. Konf.innskr Gunnbjørg Oladottir		
Laurdag 7.mai Joh 14,1-11	10.00/ 12.00 Kyrkja Høgmesse med konfirmasjon			

Gudstenester i Nord-Fron 2022

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
4.s.i påsketida 8.mai Joh 14,1-11	11.00 Kyrkja Høgmesse med konfirmasjon	19.00 Samtalegudst Nattverd Konfirm og prest GO	11.00 Krøllegudsteneste GO	
14.mai Joh 14,1-11		11.00 Høgmesse med konfirmasjon GO		
5.s.i påsketida 15.mai Joh 17,6-11	11.00 Kapellet Høgmesse Nattverd			
Grunnlovsdagen 17.mai Luk 17,11-19	10.00 Ruste Ca 11.30 Kyrkja Fam.gudsteneste	Ca 11.30 Fam.gudsteneste	F.barnetog ca 10.15 Fam.gudsteneste	14.00 Fam.gudsteneste
6.s.i påsketida 22.mai Matt 6,7-13	11.30 Sundheim Høgmesse.Nattverd		11.00 Høgmesse. Ny opning av kyrkja	
Helgetorsdag 26.mai Joh 17,1-5		11.00 Krøllegudsteneste Kirketeigen (Utendørs – om godt ver)		19.00 Samtalegudst Konf Kvikne/ Skåbu Nattverd
Laurdag 28.mai Joh 16,12-15			11.00 Høgmesse med konfirmasjon	
S.før pinse 29.mai Joh 16,12-15	11.00 Kapellet Krøllegudsteneste			
Pinsedag 5.juni Joh 14,23-29	11.00 Kyrkja Høgtids-messe. nattverd	19.00 Høgtidsmesse Nattverd	19.00 Høgtidsmesse Nattverd	11.00 Høgtidsmesse med konfirmasjon
2.pinsedag 6.juni Joh 7,37-39	11.30 Sundheim Høgtidsmesse Nattverd			
2.s.i treeiningstida 19.juni Joh 3,1-13		11.00 Høgmesse Nattverd		

*Kyrkjebladet ønskjer alle lesarane
God Påske!*

